

Sommarbrev 2024

Icare2 hjelper vanskelegstilte born og unge i Filippinane med utdanning. Stiftinga vart oppretta i 2008 og har sidan starten hatt fokus på låge driftskostnader, og at mest mogleg av innsamla midlar skal nå fram til føremålet.

16 år med Icare2

Det er 16 år sidan stiftinga Icare2 vart starta. Mange born og deira familiar har fått eit betre liv fordi dei har fått hjelp til skulegang av Icare2. Dette hadde ikkje vore mogleg utan di støtte. Tusen takk for at du er med og gjer ein skilnad!

Icare2 er medlem av Innsamlingskontrollen

Det er viktig for oss at bidragsytarar skal vera trygge på at midlane kjem fram. Icare2 er godkjent og medlem av Innsamlingskontrollen. Føremålsprosenten har sidan oppstart variert mellom 95 og 97,5 %. Prosentsatsen viser kor mykje som blir brukt til føremålet, av totalt forbruk det einkilde år. Rekneskap og nøkkeltal finn du på: www.innsamlingskontrollen.no.



Alle har rett til utdanning

Per dato hjelper Icare2 30 born og unge med utdanning. Av desse er 17 i gang med college/universtitetsutdanning, og 13 går på barne- og ungdomskule.

Hjelpa inkluderer skulemateriell, uniformar, mat og transport, samt semester- og eksamensavgifter, og kostnader i samband med skuleprosjekt. Hjelpa er behovsprøvd og alle vert tett følgde opp av lokale samarbeidspartnarar.



Initiative for
Childrens right to
education



Katastrofehjelp

Filippinane er ei øygruppe som består av meir enn 7100 øyer. Øygruppa har meir enn 20 aktive vulkanar og ligg midt i tyfonbeltet som dekker heile den vestlege delen av Stillehavet. Filippinane blir ofte råka av tyfonar og kraftige tropiske stormar som kan ha ein vindstyrke på over 200 km/t. Øystaten er ein av verdas mest utsette for naturkatastrofar som jordskred, jordskjelv og vulkanutbrot.

Icare2 har hatt ekstra innsamlingar og utført naudarbeid ved fleire høve ved katastrofehendingar i Cebu og Negros.

Små organisasjonar som Icare2 har god lokalkunnskap og får utført mykje for lite pengar når katastrofar først skjer.

Utdanning, utdanning og atter utdanning!

I ei uroleg verd med auka folketal og store miljøutfordringar er det liten tvil om at nøkkelen til framtida ligg i utdanning. Utdanning gir ei betre nåtid og lysare framtid.

Enda ein Icare2-student i mål!

Me gratulerer Enriquita Alvior som uteksaminert, etter 4 år ved University of Cebu! Enriquita har vore med i Icare2 sidan 5. klasse på barneskulen. Den store utdanningsdraumen hennar er nå fullført.

Sjå meir om reisa hennar med Icare2 på Facebook: (Icare2 - Initiative for children's right to education). – Stort lykke til vidare!



The roots of education are bitter, but the fruit is sweet

(Aristotles)

Psst! - Bli fast givar du óg!

Faste bidrag gir oss ein føreseieleg situasjon, slik at me kan hjelpa fleire. I 2023 var 41% av innsamla midlar frå faste givarar.

Legg inn fast månadleg trekk frå konto. Er du NINA-tilsett kan du kontakta Eva Katrine Hagen og få fast trekk direkte frå lønskonto.

Icare2 bankkonto: 1254.05.46698

v:pps 13 58 57

Epost: post@icare2.no

Nettside: www.icare2.no

Dugnadsbasert

Innsamling av midlar, og drift av Icare2, er dugnadsbasert. Innsamla midlar går uavkorta til føremålet.